

Stord, 14.oktober 2017

## Høyring - utgreiing om elevinspektørordninga

Elevinspektøren på Stord vgs. har arbeidsoppgåver innanfor dei tre hovudområda skissert i «Utgreiing om elevinspektørordninga» lagt fram på skulestartkonferansen i september. I ein 50 % stilling har ho mellom anna følgjande arbeidsoppgåver:

- Koordinator for Drømmeskolen
- Følgjer opp elevråd- elevrådsstyret
- Følgjer opp russen- russestyre
- Følgjer opp hybelbuarar
- Leiar kantineråd
- Medlem av Ressursteam, Inntaksteam

Elevinspektøren samarbeider tett med elevtenesta, og er ein viktig bidragsytar i arbeidet mot fråfall på skulen

Auka fokus på fråfall samt endringane i Opplæringslov §9a, gjer at organisatorisk elevretta arbeid blir særskild viktig framover. Skulen har stor nytte av å ha ein dedikert person som arbeider på systemnivå for elevane sitt beste og som kan målbære elevane sine innspel og behov inn mot leiargruppa. Om stillinga forsvinn, kan oppgåvene i og for seg overførast til andre stillingar på skulen, t.d. rådgjevarar, men det heilskapelege arbeidet som elevinspektørane gjer, kan i så fall lett forsvinne, i alle fall på større skular. Årstad- modellen der elevinspektør oppgåvene ligg til ei i leiargruppa, eventuelt kombinert med andre leiaroppgåver, ville passe vår skule betre.

Blir elevinspektørstillinga tatt vekk, er det viktig at skulane får behalde ressursane til arbeidet, og at skulane får ein viss fridom til å plassere oppgåvene der det passar best i organisasjonen.

Med helsing

Stord vidaregåande skule

Astrid Haugland

Rektor

Ellen Strandenes

avdelingsleiar